



# Referat frå kommunemøte om situasjonen i Ukraina og covid-19-pandemien

**Møteleiar:** Haavard Stensvand

**Deltakarar:** Kommunane, fylkeskommunen v/fylkestannlegekontoret, helseføretaka, IMDi, KS, NAV, Røde Kors, UDI og Vest politidistrikt.

**Ikkje til stades:** Helse Fonna, Helse Førde, Sivilforsvaret, Alver, Austevoll, Bremanger, Bømlo, Hyllestad, Ullensvang.

## Innhald

1. Orienteringssaker .....	1
2. Orientering frå UDI region vest v/Oscar Nilssen .....	2
3. Orientering frå politiet v/Trond Sekkingstad og Morten Ørn .....	2
4. Orientering frå IMDi v/Katrine Vidme .....	3
5. Orientering frå fylkeskommunen v/Siri Espedal Vold (fylkestannlegens stab) .....	4
6. Helse .....	4
Alternativt flytskjema for gjennomføring av tuberkulosekontroll ved ankomst til Noreg .....	4
Endring i tidsfrist for tuberkuloseundersøking etter ankomst.....	4
7. Atomberedskap .....	4
Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) .....	4
Rapportering om status for atomberedskaper i kommunane .....	5
Temamøte om atomberedskap torsdag 5. mai.....	5

## 1. Orienteringssaker

### Covid-19

På møte med direktorata i går, orienterte Frode Forland ved FHI om status for covid-19-pandemien. Han understreka at pandemien framleis pågår. Sjølv epidemien i Noreg no er på rask retur, er det behov for styrka overvaking, gode planar og auka beredskap for å møte eventuelle endringar i situasjonen.

### Møtefrekvens for kommunemøta

Som tidlegare omtalt vurderer vi frekvensen av desse møta, og tenker per no at det kan vere rett å gå ned til møte kvar andre veke.

Vi har tidlegare planlagt å ha eit eige temamøte om atomberedskap og -planlegging i kommunane, og ønskjer å nytte møtet som allereie ligg i kalendrane for kommunemøta i neste veke til dette. Vi vil sende ut meir informasjon om møtet så snart som mogleg, men det er fint om de sender vidare



møteinnkallinga for neste veke (5. mai) til andre i eigen organisasjon som temaet er aktuelt for.

### Kurs i DSB-CIM i Bergen 15. og 16. juni

Førre veke sendte vi ut ei kartlegging av interesse for grunnkurs og administratorkurs som dagskurs i Bergen. Det er hovudinstruktør i DSB, Johan Stenshorne, som vil halde kursa. Sist vi fekk Johan Stenshorne til å kome til fylket var det på Leikanger før pandemien. Difor vert det i Hordalandsdelen av fylket denne gangen, og Bergen. Vi har fått tilbakemeldingar frå mange nok til at vi går vidare med planlegginga og vi sender informasjon om påmelding om ikkje lenge.

## 2. Orientering frå UDI region vest v/Oscar Nilssen

Det er så langt registrert ca. 15 000 asylsøkjjarar frå Ukraina. Av desse har 8 462 personar fått innvilga kollektivt vern. Dei fleste som har budd på hotell og andre innkvarteringar i påvente av registrering er no registrerte, og politiet melder om stor nedgang i restansar. Det bur om lag 6 700 registrerte flyktningar i akuttinnkvarteringar.

Oppdaterte scenario har eit spenn frå 25 000 til 120 000 ankomstar i 2022. Per no ser UDI teikn til at tala ikkje blir like høge som venta (det har gått ned siste to veker). Det kjem meldingar om at ein del ukrainarar flyttar heim frå nabolanda, og enkeltstående meldingar om ukrainarar som har reist tilbake frå Noreg. Planlagde relokaliseringar ser ut til å ha eit mindre omfang enn først planlagt for.

Per no er det god kapasitet i akuttinnkvartering. UDI har merksemd på kvalitet i mottak og akuttinnkvarteringar, stiller krav til innhald, føl opp leverandørane og gir jamleg rettleiing.

UDI er godt i gang med busetjingskartlegging, ein del personar har fått tildelt kommunar. Dei har motteke om lag 1 700 søknadar om alternativ mottaksplassering, 439 innvilga så langt. Det vert sett inn ekstra ressursar til saksbehandling.

Det blir innført eit helsetilskot til kommunar med statlege innkvarteringsløyningar for uregistrerte flyktningar. Tilskotet vert gitt som ein sats per plass (6 000 kr per måned), det er ikkje avkorting mot vertskommunetilskotet. Kommunen treng ikkje søke, beløpet vil bli utbetalt etterskotsvis og ha tilbakeverkande kraft frå tidspunktet staten etablerte innkvarteringa i kommunen. (*Merknad: For Vestland gjeld dette Bergen der det er innkvartering i samband med preregistrering*).

Stensvand: vi fekk ein e-post frå UDI sentralt i går kveld, der vi er bedt om å vidaresende informasjon/plakat om offentleg hjelp til busetjing av flyktningar som er innkvartert privat. Kommunar og andre som kan kome i kontakt med målgruppa oppmodast om å bidra med å spreie informasjonen. Vi sender dette ut saman med referatet. Spørsmål til UDI: informasjonen/plakaten er på norsk, vil det bli omsett til andre språk?

- Nilssen undersøkte i etterkant av møtet og har meldt tilbake at det så langt han kjente til per no er ikkje informasjonsskrivet omsett til ukrainsk. Han gjer merksam på at [registreringsskjemaet](#) for flyktningar i målgruppa er tilgjengeleg på fleire språk inkl. ukrainsk.

## 3. Orientering frå politiet v/Trond Sekkingstad og Morten Ørn

### Trond Sekkingstad, driftsenhetsleder, felles enhet for utlending og forvaltning

Situasjonsbiletet UDI presenterer er samanfallande med oppfatninga til politidistriktet. Har henta inn all restanse i asylregistrering, og tek registreringar fortløpande. Politidistriktet har fått føringar for å oppretthalde ein beredskap for registrering i tilfelle ein større auke i ankomsttala.



Asylregistreringa i Bergen vert flytta til brakkerigg/tidlegare kontorlokale for Avinor på Flesland. Ser føre seg å vere operative der i løpet av neste veke. Asylregistreringa i Førde vert opprettheldt.

Politiet arbeider med å ta unna [produksjon av opphaldskort](#) framover.

- Spørsmål frå Stensvand: vil flyktingen vere avhengig av dette kortet for å kunne ta seg arbeid? Ved etterslep på produksjonen, vil det kunne gi konsekvensar for denne gruppa?
- Svar: dei fleste som kjem har biometriske pass. Politiet gjer desse grepa no for at det ikkje skal bli ei utfordring framover. Nasjonalt ankomstsenter/Råde er i gang med å gjere dette samstundes som asylregistrering, for å unngå problemet i det vidare.

I byrjinga av flyktingstraumen frå Ukraina tok Politiets utlendingsenhet (PU) inn dokumenta til flyktingane ved registrering (Nasjonalt ankomstsenter) jf. ordinær rutine i. Dokumenta skal leverast ut att, og PU har starta utsending av dokumenta til politidistrikta. Dersom kommunane skulle få spørsmål frå flyktingar om dette, kan dei vise til politiet. I Vest Politidistrikt er det ca. 400-500 personar som skal ha dokument tilbake. Politidistriktet vil levere ut dokument så fort det let seg gjere etter at dei har fått dei.

### Orientering frå Morten Ørn, leiar driftseining Bergen, Askøy og Øygarden

Politiet opplever at mange av aktørane med oppgåver knytt til busetjing er veldig medvitne om sårbarheitsfaktorar, særleg for kvinner og barn i flyktinggruppa. Politiet deltek i ein samhandlingsarena saman med m.a. Bergen kommune, der risikovurdering av sårbarheitsfaktorar er tema. UDI og driftsoperatørar har òg merksemd på ein del av desse områda. Temaa har stor merksemd og blir teke i vare av alle involverte.

Politiet patruljerer akuttinnkvarteringane (Bergen og Øygarden), med mål om å gå innom for å snakke med driftsoperatør regelmessig.

## 4. Orientering frå IMDi v/Katrine Vidme

Kommunane har stor busetjingsvilje. Vi skal òg busetje flyktingar frå andre land enn Ukraina. Tempoet i kartleggingane i akuttinnkvartering/mottak aukar. IMDi spør kommunane fortløpande om busetjing etter kvart som kartlegging er gjennomført, og kommunane er raske til å svare. IMDi si generelle oppmoding til kommunane er å bidra til rask busetjing.

Status i busetjinga er at 559 av i alt 1 825 ukrainske flyktingar er busette. 1 528 ukrainske flyktingar av i alt 2 705 er tildelt kommune.

Føremålet med kartlegginga er at kommunane skal ha tilstrekkeleg informasjon for å kunne legge til rette for flyktingane på ein god måte. Flyktingane sjølv skal få høve til å formidle eventuelle behov for tilrettelegging. Vidme minna òg om at det er mogleg å busetje utan kartlegging. Då kontaktar kommunane IMDi direkte. I tilfelle med alternativ mottaksplassering (AMOT) kjenner kommunen flyktingen frå før og dette går raskt.

Påminning om møte med Arbeids- og inkluderingsministeren fredag, der tema er endringar i lovverket.



## 5. Orientering frå fylkeskommunen v/Siri Espedal Vold (fylkestannlegens stab)

Vold orienterte om korleis fylkestannlegen jobbar med tannhelsetilbod til flyktingar. Dei jobbar for å sikre god nok grunnbemanning på dei offentlege tannklinikkane, og skal vere i stand til å ta i mot flyktingar som har rett på oppfølging av den offentlege tannhelsetenesta. Fylkeskommunen skal sørge for nødvendig tannhelsehjelp for alle som bur eller midlertidig oppheld seg i fylket, inkludert flyktingar, asylsøkarar og familiesameinte, dvs. gir tilbod til dei som har rettar i den offentlege tannhelsetenesta. Barn og unge fram til dei er 18 år har rett på gratis tannbehandling, med unntak av kjeveortopedi. 19- og 20-åringar frå 75 % redusert takst, 21- og 22-åringar får 50 % redusert takst. Fylkeskommunen har òg [tilrettelagt tannhelsetilbod](#) til tortur- og overgrepsette personar med odontofobi (sterk angst for tannbehandling).

Fylkeskommunen baserer seg i hovudsak på folkeregisteret. Har samarbeidsavtalar med ulike tenester, og tannhelseklinikkane har direkte kontakt med driftsoperatørane for mottak. Tannhelsetenesta skal gje eit tilbod til nye bebuarar som har rettar, og mottaket skal informere. Dei som ikkje har rettar må dekke alle kostnader sjølv. Bebuarar utan rettar i mottak kan søke UDI om tilleggsytingar for å dekke nødvendig tannbehandling. For bebuarar i ankomstsenter og i transittmottak dekker UDI utgifter til akutt tannbehandling. Bebuarar som bur utanfor mottak må oppsøke og betale for tannbehandling sjølv, og kan ikkje søke om tilleggsytingar frå UDI.

## 6. Helse

### [Alternativt flytskjema for gjennomføring av tuberkulosekontroll ved ankomst til Noreg](#)

Vi vil minne om at det i april 2022 er laga eit alternativt flytskjema for gjennomføring av tuberkulosekontroll ved ankomst til Noreg. Flytskjemaet er mellombels, og er likestilt med det eksisterande. Helsetenesta lokalt kan sjølv velje kva flytskjema som passar best, og når dei eventuelt vil endre rutine. I nytt alternativt flytskjema er det opna for at barn under 10 år ikkje treng ta IGRA dersom dei ikkje har kjend eksponering for tuberkulose dei siste to år. I nytt alternativt flytskjema skal òg barn mellom 10 og 15 år undersøkjast med lungerøntgen slik som vaksne, som erstatning for IGRA. IGRA skal då berre rekvirerast ved funn på røntgen. I eksisterande flytskjema skal alle barn mellom 6 månader og 15 år undersøkjast med IGRA, og lungerøntgen rekvirerast ved positiv IGRA.

[Her finn du alternativt flytskjema \(FHI\).](#)

### [Endring i tidsfrist for tuberkuloseundersøking etter ankomst](#)

Det vart 8. april innført ei endring i § 3-2 i Forskrift om tuberkulosekontroll. Forskriftsteksten seier no at flyktingar og asylsøklarar skal undersøkjast for tuberkulose innan fire veker, og ikkje lenger innan to veker jf. tidlegare forskriftstekst. Denne endringa er mellombels og gjeld til 1. oktober.

## 7. Atomberedskap

### [Situasjonsoppdatering frå Direktoratet for strålevern og atomtryggleik \(DSA\)](#)

DSA gav ei orientering i møte vi deltok på i går:

- Hovudkonklusjonen er at det ikkje er større endringar siste månad. Sju av femten reaktorar på kjernekraftverka er operative.



## Statsforvaltaren i Vestland

- Pågåande krigshandlingar gi auka risiko for hendingar.
- Sist veke er det rapportert om tre hendingar der rakettar/missil har passert i låg høgde over kjernekraftverk, det er ikkje noko som tyder på at dei var måla for angrepa.
- Ukraina rapporterer at tryggleikssystema er operative ved alle anlegg.
- Russiske styrkar har fysisk kontroll på Zaporizhzhya.
- Tsjernobyl er tilbake under ukrainsk kontroll.

DSA seier at risikoen for radioaktiv forureining i Noreg vil vere mindre ved bruk av taktiske atomvåpen i Ukraina, enn ved hendingar ved kjernekraftverk.

### Rapportering om status for atomberedskapen i kommunane

Vi har fått eit pålegg om å rapportere til DSA om status for atomberedskapen i kommunane. Vi spurte direktoratet om den korte fristen indikerer at det ei auka bekymring for atomtryggleiken, men DSA understreka at det ikkje er det. Rapporteringsfristen har andre og meir administrative årsaker.

Vi er bedt om å svare på desse hovudspørsmåla:

- Kan beredskapsplanverket til kommunen brukast under ei atomhending (t.d. plan for kriseleiiing og plan for krisekommunikasjon)?
- Inneheld beredskapsplanverket ei skildring av korleis beredskapsarbeidet er organisert, varsling og mobilisering og krisekommunikasjon?
- Har kommunen oversikt over aktuelle eksterne organisasjonar dei kan samvirke med i ei atomhending? *(I tillegg til aktørar kommunane samarbeider med ved handtering av ei rekkje ulike hendingar, er Mattilsynet ein aktør som særleg er aktuell ved atomhending mtp. matproduksjon).*
- Har kommunen oversikt over dei førehandavklarte tiltaka som kan setjast i verk under ei atomhending og kva dei inneber for kommunen (t.d. krisekommunikasjonsplan og plan for utdeling av jodtablettar)?
  - Sikring av område som er, eller kan verte sterkt forureina
  - Akutt evakuering av lokalsamfunn
  - Tiltak i næringsmiddelproduksjonen
  - Reinsing av personar
  - Råd om innandørsopphald
  - Råd om jodtablettar
  - Kosthaldsråd
  - Andre konsekvensreducerande tiltak

Vi kjenner oss trygge på å kunne seie at kommunane har beredskapsplanverk som dekker dei spørsmål som blir stilt, og vil melde det tilbake til DSA.

### Temamøte om atomberedskap torsdag 5. mai

Som omtalt kort innleiingsvis, ønskjer vi å ha eit temamøte for kommunane og aktørane i fylkesberedskapsrådet neste veke. Vi vil nytte same tidsrom og møteinnkalling som kommunemøte, neste ordinære kommunemøte er planlagt 12. mai.

Vi kjem tilbake med meir informasjon om møtet så snart som mogleg. Hovudtema vil vere knytt til ansvar, roller og særleg atomberedskapsplanlegging for kommunane. Vi oppmodar om å sende vidare møteinnkallinga til andre i eigen organisasjon som dette kan vere aktuelt for.